


## FJALER KOMMUNE



# Reglement for administrasjonsutvalet

---

Vedteke av Fjaler kommunestyre 17.12.2012, sak 121/12

## §1.Samansetjing

Utvalet er sett saman av 7 medlemer med varamedlemer. 5 medlemmar er politikarar frå kommunestyret. Dei tilsette er representerte med 2 medlemer som vert vald av og blant dei tilsette for to år av gongen, jf kommunelova § 25-2.

Rådmannen, eller den som møter for han, er sekretær for utvalet.

## §2.Arbeidsområde

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt hovudutval i saker som gjeld høvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet skal utføre dei gjeremåla som er lagde til kommunen innan dette arbeidsfeltet.

## §3.Innstillings- og avgjerdsmynne

Med heimel i kommunelova § 10 - 2 delegerer kommunestyret til utvalet å gjere vedtak innanfor budsjetttramme og etter dei retningslinene som er fastsette i lov, i samsvar med lov, eller vedtak i kommunestyret og der mynde ikkje er delegert til anna utval eller rådmannen.

## §4.Delegasjon av fullmakt

Utvalet kan innafor sitt ansvarsområde delegere sitt mynde til rådmannen **eller andre utval** når lov eller forskrift ikkje er til hinder for dette.

## §5.Kompetanse og habilitet til arbeidstakarrepresentantane

Dei tilsette sine representantar er medlemer av utvalet med dei same rettar og plikter som dei politisk valde. Dei tilsette sine representantar kan likevel ikkje vere med i førebuing av forhandlingssaker.

## **§6.Sakshandsamingsreglar**

Kommunelova sine sakshandsamingsreglar i kap. 6 gjeld for utvalet.

Rådmannen har møte- og talerett, personleg, eller ved ein av sine underordna.

Eit mindretal kan forlange ei avgjersle i administrasjonsutvalet lagt fram for formannskapet. Dette gjeld ikkje ankesaker frå tilsetjingsutvalet. Rådmannen, eller den som møter for han, kan også anke saka. Kravet om anke må fremjast før møtet er slutt og førast i møteboka.